

Tenesteavtale 3

Avtale mellom kommune og Helse Fonna HF

Samarbeid om ansvar og oppgåvefordeling i samband med tilvising, vurdering, behandling og innlegging av pasientar som treng tilbod i spesialisthelsetenesta

Innhold

1	Partar	3
2	Bakgrunn og lovgrunnlag	3
2.1	Avtalen bygger på.....	3
3	Føremål og verknadsområde.....	3
3.1	Føremål	3
3.2	Verknadsområde	3
4	Kommunikasjon.....	4
4.1	Kommunikasjon med pasient/brukar og pårørende.....	4
5	Tilvising til innlegging i helseføretaket	4
5.1	Kommunen sitt ansvar	4
5.2	Helseføretaket sitt ansvar.....	6
6	Handtering av avvik, evaluering, kvalitetsutvikling, usemje, tvist, misleghald, iverksetjing, revisjon og oppseiing.	6
7	Signering	6

1 Partar

Avtalen er inngått mellom ...kommune og Helse Fonna HF, heretter helseføretaket.

2 Bakgrunn og lovgrunnlag

Tenesteavtale 3 er inngått i samsvar med overordna samarbeidsavtale pkt. 5.3. Avtalen omfattar samarbeid, ansvars- og oppgåvefordeling ved tilvising, vurdering, behandling og innlegging av pasientar som treng tilbod i helseføretaket.

2.1 Avtalen byggjer på

Avtalen er heimla i helse- og omsorgstenestelova § 6-1 og § 6-2, pkt 3 og spesialisthelsetenestelova § 2-1e.

3 Føremål og verknadsområde

3.1 Føremål

Avtalen skal vere med på å gje eit heilskapleg tilbod om helse- og omsorgstenester ved å

- avklare helseføretaket og kommunen sitt ansvar, slik at pasientar og pårørande opplever ei best mogleg samanheng i helsetenesta.
- sikre effektiv, korrekt og sikker informasjonsflyt mellom og innanfor ulike behandlings- og omsorgsstader.
- syte for at helsehjelp vert utført på rett stad.
- redusere risiko for uheldige hendingar.

3.2 Verknadsområde

Avtalen dekker alle pasientgrupper i alle aldrar.

4 Kommunikasjon

For dialog mellom partane skal det i all hovudsak nyttast elektroniske meldingar. Telefon kan nyttast ved behov for rask avklaring og ved spesielle høve om ein finn det formålstenleg, dialogen skal dokumenterast i elektronisk melding.

Partane skal sikre at pasient/pårørande er involvert.

4.1 Kommunikasjon med pasient/brukar og pårørande

Kommunen er ansvarleg for kommunikasjonen med pasient/brukar og pårørande når han/ho oppheld seg i eigen heim eller er innlagd i kommunal institusjon, med mindre anna er avtalt.

Helseføretaket er ansvarleg for kommunikasjonen med pasient og pårørande så lenge han/ho er i sjukehus, med mindre anna er avtalt.

5 Tilvising til innlegging i helseføretaket

5.1 Kommunen sitt ansvar

Tilvisande lege

- har det medisinsk-faglege ansvaret for å vurdere behov for behandling i spesialisthelsetenesta, eller om det kan gjevast forsvarleg helsehjelp i den kommunale helsetenesta.
- skal undersøke pasienten og senda innleggingsskriv/tilvising elektronisk med tilstrekkelege opplysningar, slik at helseføretaket kan prioritere tilvisinga etter gjeldande prioriteringsretteiarar og følge samhandlingsforløpa sine anbefalingar der dei finnest.
- skal sørge for at innleggingsskrivet/tilvisinga så langt det er mogeleg inneheld opplysningar om:
 - problemstillingane som krev innlegging og informasjon om tidlegare relevant sjukehistorie.
 - oppdatert medikamentliste.
 - næraste pårørande og om informasjon er gitt.

- mindreårige barn og eventuelt kva oppfølging barnet får.
 - kommunale omsorgstenester før innlegginga.
- skal ved øyeblikkeleg hjelp melde pasienten til helseføretaket sitt akuttmottak.
 - skal ved innleggingar i psykisk helsevern alltid konferera med vaktsystem, alternativt kan pasienten vurderast av akutt ambulerande team der dette er tilgjengelig.
 - skal drøfte med lege i helseføretaket når det er usikkert om det er nødvendig med innlegging og ved konferanseplikt.
 - skal vurdere om det er medisinsk nødvendig med tilrettelagd transport, hastegrad og om det er behov for følgje under transport.
 - har ansvar for bestilling av transport. Ambulanse og polititransport skal bestillast via AMK (Akuttmedisinsk kommunikasjonssentral).

For pasientar med rusproblematikk kan NAV eller lokal rusteneste søke om utgreiing og behandling innan TSB (tverrfagleg spesialisert behandling), og tilsvarande kan barnevernleiar søke til psykisk helsevern.

Helsepersonell i kommunen

- skal sende *innleggelsesrapport* med nødvendige opplysningar så snart som mogeleg og seinast innan 24 timar for pasientar med kommunale tenester

Denne meldinga skal innehalde

- funksjonsbeskriving av pasienten sin normaltilstand (i fritekst ikkje berre i IPLOS).
 - opplysning om kommunale omsorgstenester før innlegginga.
 - oversikt over hjelpemiddel. Særleg tilpassa hjelpemiddel skal følgje pasienten.
 - medikamentliste, dersom pasienten mottar hjelp til medikamenthandtering.
 - opplysningar om pasienten har koordinator og eller individuell plan.
- skal sende med andre aktuelle fagraportar.
 - skal sende med spesielle legemiddel for eks. augedråpar og inhalasjons-medisinar.
 - skal gi nødvendig informasjon til pårørande.

5.2 Helseføretaket sitt ansvar

- Tilvisande lege skal informerast dersom pasienten etter vurderinga ikkje har behov for innlegging eller anna oppfølging i spesialisthelsetenesta. Dette gjeld også for pasientar som skriv seg ut på eige ansvar eller ikkje møter for akutt innlegging i sjukehus. Dersom pasienten har kommunale tenester skal kommunen informerast.
- Nødvendig informasjon skal gjevast til pårørande om dette ikkje alt er gjort av kommunen.
- Behandlande lege i helseføretaket skal, i samråd med helse- og omsorgstenesta i kommunen, avgjere om det er nødvendig med følgje under behandlinga, jf. tenesteavtale 12.

6 Handtering av avvik, evaluering, kvalitetsutvikling, usemje, tvist, misleghald, iverksetjing, revisjon og oppseiing.

Desse tilhøva blir regulert i overordna samarbeidsavtale.

7 Signering

Avtalen gjeld frå signeringsdato og erstattar alle tidlegare utgåver av tenesteavtale 3.

Avtalen skal signerast av begge partar.

Dato:

Dato:

For kommune :

For Helse Fonna HF:

.....

sign.

.....

sign.